

Møtereferat

Dato: 31.3.2017

Emne:		
Til stades:	Frå skulen: Magnus Vaktskjold, Lisbeth Irene Norendal, Torbjørn Litlere, Reidun Mangersnes Moe, Rune Lindgren og Berit Karin Øydvinn Nilssen Frå opplæringsavdelinga: Helene Systad, Linda Farestveit, Gerd Kjersti Ytre-Arne	
Forfall:		Sak: -
Møtetid:	Møtestad: Stend vidaregåande skule, Gjestestova	

Møteleiar: Helene Systad

Referent: Gerd Kjersti Ytre-Arne

Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

Leiargruppa har hatt fleire møter der dei har diskutert felles utfordringar. Skulen meiner sjølv at dei er «fleire skular i skulen». Dette gjer det vanskeleg å stå fram som **ei** verksemd. Rektor meiner at dei ikkje er gode nok når det gjeld å lære av kvarandre og avdelingane bruker mykje tid på at lærarane skal vere samde i dei vedtaka dei gjer.

Det er vanskeleg å finne felles møtetid på avdelingane, dette gjeld spesielt på HTH der dei har dei tilsyn som gjer at lærarane er opptatt lange dagar. På fleire avdelingar har styringsdokumentet blitt tatt opp og dei har laga sin eigen plattform samt at dei har omarbeidd styringsdokumentet slik at det passar inn i si avdeling.

Avdelingane er autonome, men leiargruppa har eit tydeleg fellesmål – felles visjon – ein aktiv skuledag. Skulen har hatt fokus på at skulen skulle vekse og at dei skulle ha gode resultat. Veksten har gjort at leiargruppa driv for mykje med drift, men ser no at dei er klar for å ta fatt på leiarstruktur og avdelingsmøter samt sjå meir sjå det pedagogiske. Skulen ser at eit punkt dei må jobbe meir med er analyse av eigne resultat. I dette arbeidet må både lærarorganisasjonane og elevane bli trekt meir inn i arbeidet

Prosess vidare

Leiargruppa ser på strukturen slik at dei kan få meir tid til pedagogisk leiing. Leiargruppa må finne ein struktur til korleis dei kan jobbe vidare og dei bør lage eit årshjul for heile skulen. Det er viktig at leiinga er realistiske. Det er ikkje alltid kompliserte tiltak som skal til, men det er viktig med rolleavklaring og ei tydeleg leiing. Her bør kanskje leiinga sjå på korleis dei kan få til hyppigare møter, og korleis dei kan involvere elevtenesta og elevane meir.

Punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

- Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa, både for systematisk arbeid med styringsdokumentet, og det å sjå på eigne resultat.
- Korleis kan skulen jobbe meir systematisk i analyse av resultat slik at skulen viser seg som *ei* verksemd.
- Finne ein struktur som gjer at det blir meir tid til pedagogisk leing

Dokumentet er godkjent av
Helene Systad, regionleiar
Magnus Vaktskjold, rektor